

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUGDato: 01.08.2018  
Vår ref.: 2018/12128-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 18/1367 - 18/13086

## Kulturminnefagleg fråsegn i samband med grøfting - Gnr. 40 Bnr. 7 - Meland kommune

Me viser til brev datert mottatt 21.06.2018, med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Me beklagar overskride frist, grunna ferieavvikling.

Meland kommune opplyser om at eksisterande grøfter av eldre dato som skal vedlikehaldast og mykje av arbeidet skal utførast med handemakt. Me legg dette til grunn i vårt fråsegn. Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verte utført så rask som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*